



## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Seniorrådgivar Annhild Merete Lorentzen, 71 25 88 26

Vår dato  
21.05.2014  
Dykkar dato

Vår ref.  
2014/8/ANLR/633.2  
Dykkar ref.

Til sensorar i engelsk og matematikk

### Innkalling til fellessensur for grunnskulen 2014

Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser til oppnemningsbrev til sensorane via PAS og anna informasjon til sensorane via e-post. Av desse sendingane går det fram at fellessensuren for faga matematikk og engelsk blir avvikla den

**16. og 17. juni 2014 på Quality Hotel Alexandra i Molde.**

Fellessensurmøtet tek til 16.06 kl. 14.00. Det er pliktig frammøte.  
Det blir servert lunsj frå kl. 13.00.

All gjennomgang og drøfting av årets oppgåver blir gjort på fellessensurmøtet.

*Før møtet må alle sensorane ha registrert og bekrefta sine karakterframlegg i PAS.*  
Vi ber om at alle, så langt som mogleg, tek med eigen PC til møtet.

#### Reise og opphald

Vi har utarbeidd eigne skjema for reiserekning til bruk for sensorar. Desse vil bli delt ut på fellessensurmøtet, men også sendt ut på e-post før møtet. E-posten vil også innehalde m.a. informasjon om utfylling av reiserekningar og honorar. Av omsyn til vårt internrekskap, ber vi om at du brukar vårt skjema og ikkje dei reiserekningsskjema som ligg på nettsidene til Utdanningsdirektoratet. Representant frå Fylkesmannen vil ta imot og kontrollere reiserekningane. I forkant av fellessensuren sender vi også ut, via e-post, oppdaterte lister over sensorane som du kan ta kontakt med for samkøyring.

Fylkesmannen bestiller overnatting på Quality Hotel Alexandra for alle sensorane frå 16. til 17. juni. Dei som bur i nærleiken, treng kanskje ikkje overnatting, og dei som har lengst veg, treng kanskje ei ekstra overnatting frå den 15.06.

Vi ber difor om at du melder deg elektronisk: **Frist 6. juni.**

Gå inn på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si side: <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Fellessensur-for-faga-norsk-engelsk-og-matematikk/>

Link til påmeldingsskjema finn du i høgre marg. Når du melder deg på, kryssar du m.a. av for om du treng ekstra overnatting frå søndag 15.06.

Vi ber sensorane orientere rektor om fellessensurmøtet.

Honorarrekningar skal leverast elektronisk via PAS når alle karakterane for sensorgruppa er førte og kontrollerte. Skjema for honorar ligg elektronisk på sensor-område i PAS. Jf. punkt 2.5 i

brukarrettleiinga for PAS – *Brukaretleiing for sensor og klagenemndsmedlem*. I høve honorar treng de ikkje å ta med skattekort i år, då dette vert henta elektronisk frå skatteetaten.

Vi minner elles om at sensoroppdraget er ein privatrettsleg avtale og vil difor ikkje bli omfatta av ein eventuell streik.

Sjå elles vedlagde informasjon om arbeid under fellessensurmøtet.

## **Program**

### Måndag 16. juni 2014:

Kl. 13:00 Lunsj

Kl. 14:00 – ca 19:00 Fellessensurmøte. Pliktig frammøte.

- Opning / informasjon ved repr. frå Fylkesmannen
- Døme på / vurdering av elevsvar ved oppmennene
- Gjennomgang av oppgåvene ved oppmann
- Drøftingar

Ca kl. 15:30 Kaffi, te, frukt og rundstykke

Kl. 19:30 Middag

### Tysdag 17. juni 2014:

Kl. 08:30 Framhald fellessensurmøte. Pliktig frammøte.

- Gjennomgang av oppgåvene ved oppmann (framhald)
- Praktisk informasjon
- Plassering av sensorgruppene

Ca kl. 09:30 Sensurering. Samordning av karakterane.

Sjå vedlagde informasjon om arbeid på fellessensurmøtet.

Kl. 12:00 – 14:00 I dette tidsrommet tar sensorgruppene lunsj når det passar i arbeidet.

Kl. 15:00 Kaffi, te og frukt

- **Slutt seinast kl. 18:00**

Vel møtt i Molde!

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)  
utdanningsdirektør

Annhild Merete Lorentzen

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

1 Arbeid under fellessensurmøte

Kopi:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER